

LIV OG RØR

Informasjonsblad for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Museumslaget

Nr. 1 april 2014

NVIM 25 ÅRS JUBILEUM



Randi Storaas (som laga bildespilla), Randi Bårtvedt og Brita Jordal i 1989

I 1989 mottok Odda Industristadmuseum driftstilskot frå fylke/kommune på kr 950 000. I dag er museet si omsetning på 13 mill. 10 mill er tilskot, 1,5 mill er eigen inntening og resten ulike prosjekttilskot. 15 arbeidsplassar og over 16 000 gjester. Oppdraget med å ivareta vasskraft- og industrihistorie er stadig utvida. Største løftet var restaureringa av kraftanlegget.

Vi tilsette og styret har utforma visjon for verksemda vår:

«Kulturminne frå vasskraft og industri – verdjar inn i ei ny tid».

Bygningsvern er sentralt – bygningar etter industrien skal takast vare på gjennom ny bruk som t.d: Labben på smelteverket som vitensenter, Smia frå industrismie til brukssmie og læringsstad, SINDARK frå trafo til minnebank. Tysso I kraftstasjon til kulturkatedral, møteplass og fyrtårn for norsk vasskraft.

I samlingane inngår også foto, gjenstandar, intervju, filmar og arkiv.

Dokumentasjon på levde liv – menneska som skapte vår historie.

I våre neste 25 år har vi framleis høge ambisjonar. Desse kjerneverdiane retningsgjevande for arbeidet vårt: KVALITET – ENGASJEMENT – INKLUDERING – NYSKAPING.

Stikkord i jubileumsåret:

- Foto og folk i fokus
- NVIM skal vera der folk er
- Historie er identitetsbygging

Velkomen til NVIM i 2014!

Bli medlem i Museumslaget for NVIM og få gratis inngang på museet. Reduserte prisar på konsertbillettar m.m. MEIR INFO - SJÅ BAKSIDA.

NVIM arrangement mai-sept. 2014

MÅNED	DATO	ARRANGEMENT
MAI	02.	Konsert med Bjørn Berge i Tyssedal kraftstasjon 'Blå tonar mellom blå turbinar'. Billett kr.220,- medlem: 170,-
	26.	Sesongåpning på museet! Nytt og spanande kunsthandverk: May Helen Bleie 'Zilver Neckless'
	30.	Åpent vitensenter
JUNI	6.-7. 6. kl. 12 7. kl. 12-16	Åpning av nasjonal turistveg i Tyssedal Reidun Horvei 'I ljuset frå eld og ljore' i Skjeggedal- stova i Skjeggedal/Tyssedal Idrettsmuseet åpent (Folgefonggata13)
	8. kl. 15	Hardanger Musikkfest. Konsert i Tyssedal kraftstasjon med Unni Løvlid og Gjermund Larsen.
	12.	Filmkveld (blir annonsert)
	21.	Sesongåpning vitensenteret
	28.	Ekstraschicht/nattskift - industrikulturnatt (blir annonsert)
JUNI/JULI	Sommeraktiviteter	Skjeggedal - Lilletopp - Tyssedal
	25.6.-6.8. ons. 11- 16	Vassleik Vitensenter - Arbeiderboliger
	21.6.-9.8. tir.-lør. 11-16	
JULI	24.	Vitensshow med Andreas Wahl (?) (blir annonsert) Allsang på kaien (blir annonsert)
AUGUST	02.	Konsert med Ad Undas (blir annonsert)
	06.	Foredrag med Svein Ivar Angell - Hardanger i 1814
	23.	Barnas Loppemarked i Folgefonggata
SEPTEMBER	13.	Ragin a la mode konsert i Tyssedal kraftstasjon (blir annonsert)
	13.-21.	Kulturminnedagane - Den store reisen - 200 års samfunnsutvikling

Barnas loppemarked



23. august inviterer vi alle barn i Odda til å delta på loppemarked i Folgefongata!

Da kan du samle sammen alle leiker og ting du ikke trenger mer og selge dem i museumshagen eller i buone.

Ta med et teppe og et sitteunderlag/stol.
Påmelding til gro@nvim.no eller anne@nvim.no innen 10. august.
Tel: 53 65 00 50

FRIVILLIGE HJELPERE FRA MUSEUMSLAGET BES MELDE SEG PÅ SAMME ADRESSE!

Idrettsmuseet, arbeiderboligene og bildespillet Borna på Bakke er åpent for publikum denne dagen.

Godbitar frå industrihistorien:

ELEKTRISITET

Elektrisiteten var noko stort og forunderleg då den kom. I eit bryllaupslag i Tyssedal like etter at straumen var komen, var det mykje folk frå fjorden, der det enno var straumlaust. Soleis kjende ikkje alle til dette nye. Utpå kvelden slår kona i huset på ljuset, og då er det at ei eldre fjordakona støkk til, slår nevane på knea og seier:

"Nei ka va da du tok i no?"

Frå 'Dei finaste band' Torkjel Stana



ANLEGGSBRAKKENE

I brakkene var vegglesa den verste plaga. Anders Gavle fortel at for å halde lusa borte frå sengene, plasserte dei sengebeina i tørrmelkboksar fylde med parafin. Men lusa visste råd, ho vandra opp langs veggene, kraup ut i taket og slepte seg ned i senga. Han fortel og at då

brakkene vart rivne, fann dei lagvis av luseskjelett bak veggpanelet.

GATENE I JERUSALEM

En gang stoppet Olaussen kjeften på direktøren som syntes han drakk litt for ofte og litt for mye og refset han for det. Direktøren hadde en kone som også drakk litt for mye, litt for ofte.

Da sa Olaussen: "Vet ni varför gaterna i Jerusalem er så rena?"

"Nei", svarte direktøren.

"Det er fördi alla feier för sin egen dør!", svarte Olaussen.

(Fra boka Tyssefaldene).



Albert Petersson (1870 - 1914)



Dr. Albert Petersson.

Albert Johan Petersson var 36 år gammel da han flyttet til Odda i 1906. På oppdrag fra britiske *Sun Gas Company* hadde han funnet stedet som skulle være perfekt til å bygge verdens største karbidfabrikk - Odda.

Den unge svenske kjemiingeniøren hadde utviklet karbidovnene som skulle bygges.

Sammen med sin kone Leonie - datter av den tyske kjemiprofessoren Otto Witt - slo han seg ned i Odda. Fabrikken bygget en vakker villa til direktørparet på Eide som de kalte Blåsenborg.


Ekteparet Petersson var sosiale mennesker som følte omsorg for lokalsamfunnet. Albert Petersson bidro med gunstige lån da arbeiderbevegelsen bygget Folkets Hus. Leonie tok sykehusbehovet opp da keiser Wilhelm II var på besøk.

I 1907 fikk Albert og Leonie sønnen Klaus, i 1910 datteren Ingrid. Leonie døde to dager etter fødselen. Albert trakk seg mer vekk fra det sosiale liv etter dette.

I august 1914 dro Albert Petersson til England for blant annet å møte sin oppdragsgiver fra *The Sun Gas Company*. Han kom aldri til London. På båtreisen mellom Odda og Bergen forsvant Petersson. Han ble aldri funnet.

Oddas innbyggere sørget over sin svenske gründer. En bauta ble satt opp ved Vasstun bro to år etter hans bortgang. Han er den eneste som har en gate oppkalt etter seg i Odda.

Fra boka *Tyssefaldene* som er til salgs på museet.



I anledning Albert Peterssons død for hundre år siden planlegger NVIM en markering og Odda kommune setter opp nye gateskilt med rett stavemåte av navnet hans.





Lars Ove Seljestad og Randi Bårtvedt i gågata 1989



Randi Bårtvedt intervjuer Arne Mannsåker 1991



Arne Eriksen og Randi Bårtvedt med representanter fra RA i 1992



Randi Bårtvedt og Aslaug Halland i 1994



Riksantikvarens offisielle fredning av kraftstasjonen i 2000



Første konsert i freda bygg med bluesartisten Bjørn Berge i 2000



Den gang landbruksminister Lars Sponheim på besøk i 2001




Kronprinsparet på besøk i 2002

VISDOMSORD

Gjentar seg.

Fordommer
fordummer både
kvinner og menn.
Det dumme
er at det
kommer igjen
og igjen.
VV.



Vidar Våde

Til alle.

Fra dine første steg,
var du bare deg.
Litt sjanglete og treg,
men det bar i veg.
Aleine bærer du preg,
av at du kun er deg.
Du er blitt slik,
fordi du er unik.
VV.

Shopping i Tyssedal



Mye spennende å finne i museumsbutikken på kaien i Tyssedal!
Åpent fra 10-15 tirsdag-fredag fra midten av september til midten av mai.

Sommersesongen åpner 26. mai - da har vi åpent alle dager fra 10-17.
Ta turen ned - kos deg med en kopp kaffi og ei vafle eller et kakestykke. Nyt en is ute i solveggen.

HJERTELIG VELKOMMEN!



Vellykka gave fra ungdommen

Det ble magisk, det ble storslått, rørende og nydelig!

Jubileumsgaven fra Ungdomsrådet og Oddakonsertene var alt det. Barn og ungdom fra Odda, Tyssedal og Ullensvang tok oss med på ei musikalsk reise i Tyssedal og Odda si industrihistorie. Under kyndig ledelse av Gunn Gravdal Elton framførte de unge artistene den nesten to timer lange konserten med entusiasme og dyktighet.

Stor takk til Tyssedal barneskole, barn fra Odda barneskole, Kristine Einang, Jonas Brekke, Rikard Backer-Owe, Siri Elton, Hannah Holsen, Kristoffer H. Skogheim, Emilie Backer-Owe, Ida Eversvik, Amalie K. Tvilde, Espen Moe, Kristian F. Sørtun, Doris Popovic, Tommy Tverdal, Kathrine Tranøy, Odd E. Mikkelsen, Ingrid Johansen, Arnfinn G.Langesæter, Krister Andersson, Sylvia Andersen, Marte Svensson, Synne E. Mæland, Øyvind S. Tømmernes, Amalie Trones, Marthe S. Sandal, Aleksander S. Aarsand, Stine Sofie Ludvigsen, Silje Karlsen, Tuva Lutro, Frode Olsen, Øystein Kambestad.



Salongprat med kvinner i Odda på kvinnedagen

"Oddakvinner - med hud og hår"

Laurdag 8. mars inviterte museet, Smelt Café og Sentralbadet Litteraturhus til ei uformell samling for å presentera "nye" og "gamle" Oddakvinner som alle har satsa litt ekstra i yrkesliv, politikk eller organisasjonsarbeid. Bakgrunnen var bannerutstillinga "Kvinnestemmer frå Odda" som vart laga i fjor, der 8 kvinner vart valde for å representera kvinner som var spesielt aktive og hadde stor tru på resultat gjennom eigen innsats og samarbeid.

Det er ei trend at kvinner i Odda satsar på næringsliv og vi ville bli litt betre kjend med desse damene som satsar tid og pengar på å gjere Odda til ein meir spanande handelsby.

Gro Tyssedalstveit Kollbotn prata med Kari Gravdal, Reidun Beate Thorsen, Eldbjørg Skare Thygesen, Bjørg Paulsen, Hilde Viskjer, Elise Haga Lindvik. Brita Jordal heldt eit fotokåseri om kvinnene for hundre år sidan. Siri Elton, Hannah Holsen og Krister Hylland stod for det musikalske innslaget.



Verv medlemmer til Museumslaget!

Verv medlemmer og få en NVIM kopp!

Du får gratis inngang for deg, og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære åpningstid.

Du kan delta på Museumslagets årlige turer og arrangement.

Bladet Liv og Rør kommer i posten med informasjon fra NVIM og Museumslaget. Du er med på å støtte stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

Kontingentsatser:

Enkeltmedlemmer:	kr	100
Familier:	kr	150
Foreninger og lag:	kr	250
Bedrifter, skoler, etc.:	kr	1 000
Kontakt:	Halvor Johan Bådsvik	
Epost:	oikhjb@online.no	
Tlf.:	917 95 114	

Bli med i Museumslaget for NVIM og arbeid for et godt museum for Odda og Tyssedal, for vannkrafta og prosessindustrien og deres bidrag til byggingen av det moderne Norge!!

Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi har moderne og inspirerende møtelokale i Statkraftstova.

Alle møterom har dagslys, og er luftige og komfortable.

Konferanseverten vår er tilgjengelig under heile opphaldet.

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar: kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbud.

post@nvim.no - 53 65 00 62



Les meir på:

www.nvim.no, [www.facebook/vasskraftmuseet.com](https://www.facebook.com/vasskraftmuseet.com)
og www.vasskrafta.no